

Klones gnr. 140 bnr. 1

Av Knut Raastad, november 2022



Skattelister 1610-1625 viser at Klones var krongods og at leiglendingen var Arne.

Koppskatten 1645 viste at det var ei enkje som da var brukar.

Trond Klones gav i 1650-åra holding av Klones 1 ½ hud krongods og 1 ½ hud bondegods.

Manntalet 1666 viser at oppsitjar var Ole Trondsen f.ca.1617. Oluff gav holding av 1 ½ hud i Klones i 1663 og 3 huder i 1666. Ola Klones vart også nemnd i 1678 og 1680 med 2 ½ hud 18 merker fisk. Oluf var gift med Anne Torchildsdotter d.1675. Oluf og Anne hadde ikkje barn. Anne var dotter til Torkild Raastad nørste / Rusnes f.ca.1595.

Neste brukar som er nemnd er Oluf Simensen som truleg var fostersonen til Torkild Rusnes. Oluf var gift med Ingeleff Baardsdotter d.ca.1688, dei hadde ikkje barn. Ingeleff hadde syskjena Peder, Bergete, Marrit og Giertrud



Klones 1896. Foto frå Grete Steigen, Vågå historielags fotoarkiv

I 1671 vart det tinglyst skjøte frå Niels Tholder til kaptein Brun på Klonas 1 hud 18 merker fisk.

Svend Endresen d.ca.1691 var gift med Kari Amundsdotter. Svend f.ca.1649 d.1691 var frå Austrem n., son til Endre Andersen Austrem f.ca.1615 d.ca.1671 og Barbro Jakobsdtr. Sjørem d.ca.1679. Svend og Kari var eigarar av 1 ½ hud i Klonas utan bygsel. Svend og Kari hadde 2 barn:

Oluf, neste brukar

Barbroe, g.m. Hans Erlandsen Moen

Kari Amundsdotter vart gift på nytt med Johannes Jacobsen, det var skifte etter dei i 1717. Johannes Klonas fekk i 1703 bygsel på 1 ½ hud i Klonas av oberst Oluf Brun.

Matrikelutkastet 1723 viser at brukaren var Ole Svendsen. I 1728 var det skjøte på Klonas 1 ½ hud med bygsel frå Hans Jacob Smidt til Ole Svendsen Klonas for 300 rd. Det øvrige 1 ½ hud var bondegods, Ole kjøpte i 1727 3 skinn frå systera, han hadde arva 6 skinn og løyst inn 9 skinn som var utlagt for gjeld. Ole Svendsen var gift med Eli Østensdotter Kvarberg ø., dei hadde 2 barn:

Svend 1715-1758, neste brukar

Ingelev f.ca.1716 d.ca.1761, g.m. Bersvend Hansen Holongsøyen f.ca.1728 d.1800

I 1758 var det skjøte på Klonas 3 huder frå Ole Svendsen til eldste sonen Svend Olsen Klonas, foreldra fekk føderåd. Svend vart 1755 gift med Barbro Larsdotter Hjeltar, Skjåk dotter til Lars Olsen Hjeltar og Karine Marie Munchen, dei hadde 1 barn:

Eli f.ca.1754 d.1829, neste brukar

Barbro vart 1764 gift på nytt med Iver Iversen Sandbu nordgard f.1739 son til Ivar Olsen Sandbu f.1702 d.ca.1782 og Sigrid Persdtr. Faukstad s. Iver var 1767-1770 eigar av farsgarden Sandbu. I 1767 lånte Iver Iversen Klonas 800 rd. av Nils Guttormsen Graffer med pant i Klonas 2 huder 8 skinn. I 1771 var det skifte i buet til Barbro og Iver.

I 1773 var det skjøte på Klonas 3 huder frå Iver Iversen Klonas til Jakob Østensen Kvarberg som var verge for Eli Svendsdotter Klonas for 800 rd. Iver skulle som føderåd bl.a. ha plassen Nylykkja. Jakob Østensen vart i 1774-1775 nemnd som Klonas, så han har hatt garden eit par år. Jakob kom seinare til Aseng.

I 1775 var det skjøte på Klonas 3 huder frå Jacob Østensen Klonas til Syver Arnesen og kona Ellie Svendsdotter for 800 rd. samt føderådskontakt med Iver Iversen om plassen Nylykkja. I 1775 pantsatte Iver føderåda si for gjeld til Jakob Østensen, og 1779 vart føderåda sletta. Eli Klonas var gift med Syver Arnesen. Syver Arnesen nordgard Råstad 1745-1833 var son til Arne Syversen Råstad og Aaste Jonsdtr. Kleppe s. f.1705. Syver og Eli hadde 4 barn:

Aaste f.1777, g.m. Jon Jonsen Stranden m.

Svend 1780-1859, neste brukar

Arne f.1784, på Klones

Ole 1788-1878, g.m. Ingeborg Syversdtr. Lunde s. 1799-1881, til Stokstad m.

Syver Arnesen selde og skjøta i 1805 eit stykkje jord ovanfor garden Klones til sonen Arne Syversen for 200 rd. I 1811 var det skjøte på Klones 2 huder 6 skinn 18 merker fisk frå Syver Arnesen og Arne Syversen til Sven Syversen for 1400 rd., foreldra fekk føderåd. Svend Syversen vart 1814 gift med Imbjør Iversdotter Viste u. 1769-1834 dotter til Iver Olsen Sandbu u.sør 1731-1802 og Mari Olsdtr. Viste 1745-1833. Imbjør var fyrst gift med Ole Hansen Viste nordg. 1770-1808, dei hadde oppigard Lunde 1800-1812. Syver og Imbjør hadde ikkje barn og det var eit omfattande skifte etter at Svend døydde i 1859.

Arne Syversen Klones 1784-1848 vart 1817 gift med Guri Poulsdotter Holbø 1787-1849, dotter til Pål Hansen Holbø f.1751 og Kari Andersdtr. Austrem s. f.1749. Arne og Guri budde på Klones som inderstar, dei hadde 4 barn:

Syver f.1817, g.m. Kari Olsdtr. Austrem n. 1815-1862. På Austrem.

Hans 1818-1820

Kari 1821-1840

Barbro f.1826, g.m. Ole Brustuen

Ole Syversen 1788-1878 vart 1829 gift med Ingeborg Syversdtr. Lunde s. 1799-1881 dotter til Syver Olsen Lunde s. 1770-1841 og Mari Iversdtr. Viste u. 1778-1859. Ved barnefødsel i 1832 var familien på Lunde, men det er mogleg at dei seinare var på Klones. Heile familien kom til Stokstad midtre som sonen Syver kjøpte ca. 1861. Ole og Ingeborg hadde 2 barn:

Syver f.1829, g.m. Ragnhild Olsdotter Austrem n. f.1832. Til Stokstad.

Mari Olsdtr. 1832-1895, ugift, budde på Stokstad i 1865

Earley John Blackwell fekk i 1859 auksjonsskjøte på Klones gnr. 140 bnr. for 5900 spd. Eardley John Blackwell 1831-1866 var gift med Mari Torsdotter Sve, Kræmar-Sandbu 1837-1895, dotter til Tor Sve 1799-1873 og Kari nigard sør Sandbu 1806-1896. John og Mari hadde 2 barn:

Emma Elisabeth 1857-1898, g.m. Francis Slater

Kari 1859-1899, neste eigar

Mari vart gift på nytt med William Duppa Crotch 1831-1903.

I 1869 var det skifte etter Eardley John Blackwell og Klones vart utlagt til dottera Kari Blackwell for 5900 spd. Kari var gift med Jonathan Julius Aars Fabritius 1852-1916, son til William Christian Keilhau Fabritius 1816-1887 og Karen Elisabeth Aars 1824-1896. Kari og Jonathan hadde 1 barn:

Marit 1890-1975, g.m. Victor Campbell d.1956

Jonathan vart gift på nytt med Ellen Jensen, Drammen 1874-1943 dotter til Hans Peter Jensen og Maren Kristine Johnsen.

I 1916 var det skjøte på Klones gnr. 140 bnr. 1 frå skiftebuet etter godseigar J. J. Aars Fabritius og hustru Kari Fabritius til Vågå kommune for kr 80000,-. Dette var den summen som stod i kjøpekontrakten mellom buet og hofjægermester Thomas Fearnley, bakgrunnen var at kommunen brukte forkjøpsretten etter konsesjonslova.

Gnr. 140 bnr. 5 og 6 var frådelt i 1917. Kjørren gnr. 140 bnr. 7 vart frådelt i 1917 med skjøte i 1917 til Imbert Kleiven for kr 550,-, han selde til Oppland fylkeskommune i 1921 for kr 4000,-.

I 1921 var det skjøte på Klones gnr. 140 bnr. 1, 5 og 6 frå Vågå kommune til Oppland fylkeskommune for kr 111000,-.

Grønstad gnr. 140 bnr. 5, Bakken gnr. 140 bnr. 6 og Kjørren gnr. 140 bnr. 7 vart i 1944 samanføygd med Klones gnr. 140 bnr. 1, i denne samanføyinga inngjekk også Klonesteigen gnr. 141 bnr. 3 og Lundstad gnr. 141 bnr. 5

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekt i Vågå og Lom,

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Knut Raastad, Jutulen 2017: Litt om slekt på Klones